

Reisebrev – Utveksling i Sør-Korea

Navn: Hannah Laugaland

Universitet: KAIST

Sted: Daejeon, Sør-Korea

Periode: Vår 2024

Undervisningsopplegg og faglig nivå

Basert på dei emna eg har valt, tenkjer eg det faglege nivået er noko høgare enn på NTNU. Det er i stor grad basert på eigeninnsats å lære dei meir avanserte tinga. Det er likevel ikkje så vanskeleg å få gode karakterar ettersom det er veldig vanleg for masterstudentar å få A eller B.

Undervisningsopplegget er ganske annleis enn tidlegare erfaringar. Studiet liknar litt på vidaregåande med små klasser, obligatorisk oppmøte, prøvar i løpet av semesteret og fokus på deltaking. Det er også mykje fokus på prosjektarbeid, som kan være svært lærerikt om ein legg inn mykje tid, men som ikkje nødvendigvis treng å være så omfattande.

Fulltids masterstudentar ved KAIST er del av ei forskingsgruppe og bruker mykje tid der. Utvekslingsstudentar har berre emnar og har dermed som regel mindre å gjere enn dei koreanske studentane.

Eg tok emna:

Computational Neuroscience, BiS427 – Godkjent som 'Ingeniøremne annet studieprogram'

Machine Learning for Robotics, AI617 – Godkjent som TDT4171

Techno-Economic Evaluation of Green Power Generation, GGS533 – Godkjent som EiT

Sosialt

Fadderopplegg

Dersom du ønsker, får du tildelt ei faddergruppe. Opplegget er ikkje like omfattande som på NTNU, men likevel ein veldig fin måte å møte folk. Det var veldig varierende kor sosiale dei ulike gruppene var gjennom semesteret.

Fritid

Det er mange fritidsaktivitetar, spesielt innanfor sport. Dei fleste gruppene krev at du kan koreansk, men det er likevel nokre grupper som aksepterer internasjonale studentar. Til dømes er det ei gruppe som driv frivillig arbeid for å lære elevar engelsk, og ei gruppe som driv med ulike idrettar.

Noko eg sette stor pris på, var det gratis treningscenteret på internatet og moglegheita til å booke bane for til dømes volleyball. Ein kan også bruke symjehallen for berre 8 kr.

Det er generelt ikkje så lett å bli kjent med koreanske studentar, ettersom dei kan være ganske inneslutta på same måte som nordmenn. Å bli med i gruppa som driv frivillig arbeid kan hjelpe. Dersom du er del av ei forskingsgruppe, er dette ein veldig god måte å bli integrert på. Dei jobbar mykje saman og et ofte lunsj saman. Det var nokre internasjonale studentar som var del av forskingsgrupper fordi dei tok heile masteren der, eller fordi dei berre spurde om å bli med på eit prosjekt.

Noko av det eg satte mest pris på under opphaldet var det sosiale mellom utvekslingsstudentane. Dei alle fleste bur på internat på campus, dermed blir det veldig naturleg at ein et dei alle fleste måltid saman. Elles har dei fleste ein veldig lik timeplan som gjer at ein ender opp med å bruke mykje tid saman.

Daejeon

Daejeon er kjent for å være litt kjedeleg, ettersom det ikkje er noko særleg merkverdig der, men for eit kvardagsliv er det meir enn nok etter mi mening. Rett i nærleiken av campus er det mange bra restaurantar, verkeleg koselege kafear, karaoke, barar og arkadar. Me brukte også mykje tid på campus. Utelivet er ok, men eg vil definitivt anbefale å reise til Seoul og teste utelivet der. Det er også lett å komme seg til både Seoul og Busan med tog.

Praktisk

Val av emne

Ein får velje emne nokre veker før semesteret startar, og dette gjer ein på KAIST sine interne sider. Prosessen blir beskriven i detalj på e-post. Første veka av semesteret får du vite kva fag du har fått plass på. I løpet av denne veka kan du legge til og trekke deg frå emnar. Det er praktisk å kunne gå i forelesningar og snakke med andre studentar før ein bestemmer seg. Difor kan eg anbefale å ikkje stresse for mykje med valet av emne før ein kjem dit.

Språk

All undervisning var på engelsk, så der var det ikkje noko problem. Dei koreanske studentane kan som regel godt engelsk, men kvier seg likevel for å snakke. Utanfor campus møter du ofte folk som ikkje kan engelsk, men du klarer som regel å kommunisere på ein eller annan måte.

Eg vil anbefale å bruke litt tid på Duolingo for å lære å lese, til dømes å kjenne igjen stadnamn på skilt, og å kunne nokre høflege frasar.

Bolig

Eg budde på internat på campus. Pris (inkludert strøm og internett) var 1000kr per måned. Det er to personar per rom, og eit felles bad per etasje. Eg trudde dette kom til å være litt irriterande, men det var ikkje noko problem å bu på den måten for eit semester.

Du kan søke om å få tilgang til eit kjøkken, men det er ofte billigare, og mykje betre :), å ete ute i kantina eller billige restaurantar utanfor campus, enn det er å kjøpe inn matvarer.

Info

KAIST sender ut veldig detaljert informasjon om alt du trenger på mail. Dette gjelder info om visum, internat, valg av emner, fadderopplegg, til og med korleis ein kjem seg frå flyplassen til campus. Eg fekk bekrefta opptak i November.

Vaksiner

Universitet krever at du er vaksinert mot Measles, Mumps, Rubella, og dei anbefaler å være vaksinert mot Varicella, Tetanus, Hepatitis A og B, og Meningococcal. Dei krever også tuberkolose test. Eg tok ein god del ekstra vaksiner i tillegg til desse ettersom eg ville reise rundt i Sør-Øst Asia etterpå.

Forsikring

"Reise Student i Utlandet" gjennom Tekna og ANSA.

Korea har obligatorisk helseforsikring. Du kan søkje om å sleppe å betale for denne dersom du kan vise at din eksisterande forsikring allereie dekker dette.

<https://www.nhis.or.kr/english/wbheaa02900m01.do>